

Møtereferat

Dato: 10.01.2018

Emne:	Referat 09.01.2018	
Til stades:	Anders Sæverud Rosvold, Anne Grethe Korsmo, Darah nazari, Hanna Livden, Henrik Hole Falck, Knut Olav Røssland Nestås, Leif Sigurd Danielsen, Madelen Eidsvik, Monika Mørk, Sebastian huan Stenberg, Åshild klokkeide Brikeland, Venke Barrikmo + politistudentane Sander Kristensen, Ola Duarte	
Forfall:	Andrine Raknes, Sivert Risa	Sak: 2017/15617-17
Møtetid:	16.00-17.00	Møtestad: Fylkesbygget, møterom 932

Møteleiar: Venke Barrikmo

Referent: Venke Barrikmo

1. Informasjon om russerebus 27.04.2018, v/Trygg trafikk

Trygg trafikk informerte om at trafikksikringsarrangementet i Grieghallen blir vidareført. Norsk Luftambulanse har trekt seg frå arrangementet. Vidare er det Trygg trafikk i samarbeid med samferdsleavdelinga i fylkeskommunen som er ansvarlege for arrangementet og økonomien i det. Tidlegare leiar av arrangementet vil halde fram i eit samarbeid med nemnde instansar. Dato for arrangementet er 27.01.2018.

Russerebus vert gjennomført i Bergen same dato. Trygg trafikk vil snart sende ut informasjon til skulane.

Arrangementa over reknast som eit skulearrangement, fordi det er avtalt på vegne av skuleeigar. Difor skal deltaking ikkje føre til fråvær.

2. Informasjon om sjåførsmøtet 12.04.2018, v/politet

Politet kallar inn til eit møte med sjåførane på russebussane. Aktuell tid – i slutten av mars.

Det er meldt om 12 bussar i Bergen dette året. Samanlikna med tidlegare år, er det fleire norske sjåførar dette året. Det vert òg informert om at nokre av bussane har fleire enn ein sjåfør.

3. Kort status for arbeidet i hovudrussestyret, v/russepresidenten

Hovudrussestyret skal ha ansvar for å vidareformidle informasjon til dei andre russestyra, og difor er det bl.a. oppretta ulike FB-grupper: Bussgruppe, gruppe for all russ, og ein for buss-sjefar og russepresidentar.

Det vart gjennomført eit møte med buss-sjefane i oktober.

Hovudrussestyret samarbeider med landstreff Rogaland og Landstreff Bergen. Rosettball er avtala med privat aktør og vert gjennomført med i to omgangar med 400 russ per gang. Datoen er 8. februar. Til saman har 8 Bergens-skular meldt si interesse for arrangementet.

Hovudrussestyret går inn for at det skal vere forbod mot svarteliste på alle skular. Dei signaliserer òg at dei tar avstand frå valdelege handlingar, både når det gjeld medruss og andre elevar og tilsette på skulane. Dei ønskjer heller å bruke omgrepene «Kjærlighetsliste» - som inneber at det er lov å ha det gøy, utan at det skal gå ut over andre på ein negativ måte. Det vart stilt spørsmål om denne type liste eigentleg var det same som ei svarteliste. Hovudrussestyret skal ha honnør for at dei ønskjer å styrke ryktet til russen, m.o.a. å fjerne svartelistene.

Russepresidenten jobbar med ein aktuell aktør om ein opphaldsstad for russen, og har vore i samtale med Os kommune. Politiet tilbyr dialog før dei eventuelt signerer ei avtale for å sikre at den er innafor lovverket. Politiet understrekar samtidig at russedåp ikkje kan gjennomførast på skulane, dersom arrangementet ikkje er rusfritt, og viser til klare signal om dette, gitt frå opplæringsavdelinga. Dersom russen får ein plass å vere, vil det bli nødvendig å spreie dåpen over 2-3 dagar (24.-26.04.2018). Politiet understrekar at lovverket er så tydelig at de ikkje vil godta dåp på skulane. Difor vil dei vere med å finne alternativ.

Ryddedag for russen er under planlegging.

15. mars: Kick-off-fest for russen i Hordaland.

Russepresidenten har utarbeidd ei tidslinje for aktivitetar i russetida. Samarbeidsgruppa vil få den tilsendt.

4. Avtale, årsplan og informasjonsskriv sendt rektorane + samarbeidsgruppa

Hovudrussestyret blei minna på dei dokument som ligg til grunn for samarbeidet.

Ymse

Forslag frå politiet om eit foreldremøte for Bergensrussen. Forslaget er på bakgrunn av foreldre som ønskjer eit slikt møte. Leiar av samarbeidsgruppa og politiet vil samarbeide om eit foreldremøte. Møtelokale på ein sentrumsskule er alt stadfesta.

